

# Mange tok turen til Valøya

**Både store og små nytta det etterlengta sommarvêret til å bli med Barnas turlag ut på ein aktivitetsrik dag på Valøya søndag.**

Med full fyr i bålpanna, kajakpadling i vågen og lynkurs i bogeskyting fekk dei som tok turen ut til Valøya på Valen ein innhaldsrik dag i sola. Turen gjekk frå parkeringsplassen i båthamna, langs sjøen og inn til grillhytta på Valøya. Og allereie frå fyrste skritt fekk turfølgjet bryna seg på litt hjernetrim. Stasjonert ut over langs turløypa, som var høveleg pynta i Kvinnherad turlag sine fargar, hadde Barnas turlag sett ut spørsmålspostar frå både store og små, som ein liten forsmak på kva som venta på Valøya.

## Mange aktivitetar

– Vi har stelt i stand fleire aktivitetar og er heldig som har med oss Kvinnherad bogejegerklubb, Kvinnherad undervassklubb, Rosendal speidargruppe og fleire drivne kajakinstruktørar. I tillegg er det fyr i grillen og eit strålende solskin. Vi kunne eigentleg ikkje vore heldigare med vêret, seier Ragnhild Thorkildsen frå Barnas turlag.

I tillegg til mange turdelta-karar på den store Kom deg ut-dagen, var det også mange hjelpsame frivillige i sving for å halda hjula i gong.

– Vi er vel ein stad mellom 20 og 30 som er i sving her i dag, og det hadde ikkje blitt så bra utan dei, seier Thorkildsen.

## Bogeskyting og knutar

Bendik, Audun, Ingrid Helene og Gunhild var fire av dei mange frammøtte som tok del i dei mange aktivitetane. Og for dei var det bogeskytinga som var mest interessant.

– Det har vore veldig kjekt. Og det er absolutt noko vi kunne tenkt å begynna på, sa brørne Audun og Bendik etter at dei hatt skote fem piler på blink.

Og nettopp det å visa fram idretten dei sjølv er så glad i, var grunnen til at Cato Røssland og John Arild Medhaug frå Kvinnherad bogejegerklubb var til stades på Valøya.

– Dette er ein super dag for oss å visa fram sporten og det vi held på med ute i Tveitedalen. Og bogeskyting er verke-



Emilie (t.v.), bursdagsbarnet Marton Elias, Mie, Sunniva, Thea og Aleksandra koste seg med bursdagskake i skuggen.



Både store og små fekk prøva seg på kajak og kano inne i vågen.


leg ein sport for folk i alle aldrar, seier Medhaug.

Rosendal speidargruppe hadde overnatta på Valøya og viste fram ulike maritime knutar.

– Det har vore ei fin natt ute, for utanom at det kom nokre kyr som ville ta del i tacomåltidet vårt, så har det vore vel-

dig fint, ler Frode Ljones som var saman med gunn Kleppe, Magnus Enes, Martin Håvik Ljones, Erlend Øvsthus, Rune Kleppe og Emil Gausvik.

Marius Tveit Nissestad  
marius@grenda.no



John Arild Medhaug frå Kvinnherad bogejegerklubb hjelper Ingrid Helene med å stilla inn siktet.